



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 10.04.2015
Vår ref.: 2015/3898-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:15/650-15/6541

Fråsegn kulturminne - Førespurnad om kulturminne i samband med planlagt grøfting av eksisterande jordbruksareal på gnr 57 bnr 1 Stølen i Meland

Vi viser til brev datert 07.04.2015 i samband med planlagt grøfting av eksisterande jordbruksareal på gnr. 57, bnr. 1 i Meland kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at tiltaket kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne, men i nærleiken er det kartfesta fleire forhistoriske lokalitetar med gravminne og SEFRAK-registrerte bygningar og hustufter frå 1800-tallet. Likevel er potensialet for nye funn innanfor det aktuelle området vurdert til å vere lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.